

# Innspel frå anonym til skulestruktur – budsjett 2025

Eg har lenge tenkt det, men aldri sett min tanke formulert like bra som vedkomande som skreiv "Innspel frå anonym om effektivisering og prioritering av skulestrukturen budsjett 2025.pdf" som blei publisert i dag 03.12.

I tillegg til det innspelet vil eg seie:

Å tvihalde på tanken om å ha 3 barneskular (pluss mikroprivatskulen i Brandal ) i ei so geografisk lita kommune som Hareid mens kommunen er bankerott er ikkje forsvarleg. Hadde vi hatt ein samla barneskule trur eg faktisk også borna ville ha tent på dette sidan dei blir kjent med medelevar i heile bygda. Har man ein spesiell hobby/interesse er det større sjanse for å treffe ein likesinna om alle ongane går på ein skule enn om vi delar dei i tre krinsar (pluss Brandal som truleg kjem til å insistere på å ha privatskule so lenge dei har meir enn null elevar).

Hadde vi hatt ein barneskule og ein ungdomsskule vil eg også tru vi med eit auka antal elevar enklare kunne ha hatt eit SFO-tilbod med rausare opningstider.

Politikarar: lykke til med arbeidet med 2025-budsjettet!